

SNERTEN

Infoskriv frå Norsk Langeleikforum



Nr. 26
Juni 2023
Årgang 13

Vinner av Landskappleiken 2023,
langeleik eldste klasse:

Kari Steinsrud. Foto: Privat

Vinner av Landskappleiken 2023 ,
langeleik yngste klasse:

Målfrid Persvold Ranheim
Foto: Kjersti Bratås

NLF gratulerer!



I dette nummeret kan du mellom anna lesa om:

- Heidersmedlem i NLF
- Langeleiken i Hardanger
- Baltic Psalter Symposium Kaunas, 2023
- Langeleikdag og utstilling på Ringve Museum
- Spelehelg på Gjøvik, konsert med Andre Søgnen og BLS-feiring
- Ny logo

Kjære medlemmer i Norsk langeleikforum



Sommeren er her, i hvert fall på Østlandet, hvor jeg skriver fra. Denne våren har jeg fått være med på mange opplevelser med langeleiken. Jeg var med i arbeidsgruppa rundt "Klangen før fela" på Riksscenen i Oslo, på Langeleik-kurs på Ringve i Trondheim med etterfølgende "jam" på utestedet "Antikvariatet" og sist i mai på Musikkhelga på Gjøvik. I tillegg til dette har jeg fått være med på øving med Valdreslaget i Oslo annen hver tirsdag. Jeg har lært nye låtter og hatt det fint med medspillere. Og ikke minst har vi et konstruktivt og deltagende styre i forumet.

Jeg gleder meg over nye, nysgjerrige kursdeltakere og unge spillere som legger mye innsats i å lære seg instrumentet, utfolde seg sammen med folk som spiller andre instrumenter og studerer tradisjonene inngående. Unge spillere holder kurs og lærer villig vekk av det de kan selv. Det er jo flott med de eldre også, bevares, vi trenger begge deler!

Bjørn Aksdal har vært i "Folkemusikktimen" i radioen, og tittelen på programmet er: "Langeleiken – undervurdert instrument med stort potensiale". Dette lover godt. Jeg gleder meg til å høre om at dette vakre instrumentet som vi kan være så stolte over skal vises fram i nye sammenhenger, av folk som ser betydningen av å løfte tradisjon, tilhørighet og kultur.

Neste år feirer Vardalsleiken 500 år. Den er datert 1524! La oss prøve å lage markeringer av dette jubileet sammen!

Jeg leker også litt med tanken om en slags stafett hvor vi forteller hverandre om forskjellige situasjoner der vi spiller for andre. Kan vi på den måten gjøre spillet mer kjent og samtidig mer hverdagslig?

Et akustisk instrument har en annerledes verdi enn elektronisk lyd. Nært, sanselig, levende. Vi kan ha musikk på øret store deler av døgnet om vi vil, uten å røre et instrument selv. Jeg håper at mange barn kan få høre levende langeleik. Å høre og se en duganes langeleikspiller kan gi inspirasjon til å selv få lyst til å prøve. Og fortsette.

Jeg ønsker alle medlemmer en god, inspirerende og innholdsrik sommer!

Hilsen Inger Ellen, leder for NLF

Hedersmedlem i Norsk langeleikforum.



Denne våren har Norsk langeleikforum fått et hedersmedlem. Det er et velfortjent hedersmedlemskap som et medlem fremmet og styret i NLF støttet.

Elisabeth Kværne har gjennom hele sin gjerning fremmet instrumentet og tradisjonen på en framifrå måte. Både boken "Langeleiken - heile Noregs instrument", som hun har skrevet sammen med Bjørn Aksdal, og hennes eget spill og arbeid med dette instrumentet vitner om en dyp forståelse for viktigheten av å fremme tradisjonen rundt langeleikspillet. Gratulerer, og takk, Elisabeth!

Hun har skrevet et nydelig, men også unødvendig beskjedent, takkebrev for utnevnelsen til hedersmedlem. Det må vi få dele med alle som er glade i langeleik:

Takk til styret i Norsk langeleikforum

for den overraskande utnemninga til æresmedlem i Norsk langeleikforum!
I eit lag som NLF er alle like, alle gjer ein viktig jobb og alle er æresmedlemmer gjennom felles hjartesak! Så det vart litt uvant å bli trekt fram, eg er uansett takksam for å vere med i langeleikflokken. Som gardbrukar veit eg at ein flokk har sosiale kvalitetar, alle har sin plass og blir verdsett og inkludert. Fellesskapet er trygt og godt, og alle stiller opp for einannan. I langeleikflokken gler oss over nye medlemmar og synest det er trist når nokon sluttar å spele.

Vi er ein del av eit musikkliv der personfokus og konkurranse er sterke element, i folkemusikkmiljøet merkar vi også denne trenden. Interessa for langeleiken er der, men vi får sjeldan merksemd. Slik kan vi dyrke favorittmusikken vår i fred og ro, og det kan være ein styrke. Vi kan sette musikken, kjeldene og instrumentet vårt i sentrum og spele i veg, fordi vi ikkje kan la vere! Det er eit stort paradoks at det som er ein fargerik og spennande del av kulturarven vår ikkje blir halden i hevd fordi nokon har vedteke det, men fordi flokken vår trivst i lag og elskar å spele!

Musikken vår er enkel, men med eit stort uttrykkspotensiale i seg. Her er det rom for ulike tilnærmingar, og mangfaldet kan blomstre.

Den nye, flotte logoen vår har fire hjarte i seg. Hjartesymbolet finn du på lydhola på to av tre eldre langeleikar, og det går att i ulike dekorelement. Kjærleiken til instrumentet og hjartelaget i miljøet vårt skal vi ta vare på!

Mange kan lære noko av langeleikmiljøet, og vi har rom for fleire.

Eg er takksam for å ha kjent så mange flotte spelarar i kjeldegenerasjonane. Tenk så heldig eg er som har kjent heile tre spelarar fødd i 1884, og så kunne lære vidare til barnebarn og andre fødde etter 2010! Det gjev mein og retning.

At styret i NLF set pris på det eg har gjort for å løfte fram musikken vår, er sjølv sagt inspirerande. Det tek eg med meg vidare og gleder meg over musikken og held fram med å spele så lenge eg kan!

Hjarteleg langeleikhelsing

Elisabeth Kværne

LANGELEIKEN I HARDANGER

Tekst: Oddvin Horneland

I covid-19 hadde eg god tid til å lesa, så eg sette meg ned med dagboka til poeten Olav H. Hauge, fem bind, 3735 sider, og samla vekt 5,9 kg. Det gjekk nesten tre månader før eg var gjennom heile.

Der fann eg denne innførsla i dagboka:

11. desember 1954

[...]

BAND VIII AV OPEDALS MAKTER OG MENNESKE Opedal er ein flittig mann. Band VIII av Makter og menneske ligg på bordet. Eit godt arbeid. I dette bandet har Opedal med stykke om gamal musikk i fjorden her; han fortel um langeleik, munnharpe og fele. Han har ei teikning av ein langeleik frå Kvam. Det ser ikkje ut til at Opedal har vore på Bu og set den langeleiken eg gav Åmund eit av dei siste krigsåri. Det var ein fin leik, mykje finare enn den han har teikna.

Eg kom til å sjå ein langeleik hjå Ivar Hakestad, morbror min. Han budde på Syse, og hadde teke med seg leiken frå Hakestad då han gifte seg til Lars-bruket på Syse. Leiken

høyrdé soleis oss her på Hakestad til, og eg fekk då òg leiken til slutt; eg hugsa eg pakka pæror for han ein haust. Eg var svært stolt av langeleiken og hengde han i ei snor på veggen. Men eg kan ikkje ha vore kry og eigarglad nok. Då Åmund Bu kom til gards ein gong, synte eg leiken til han. Då tok Åmund til å skjelva. Han laut på død og liv få han. Og eg var tosken nok og gav etter,

Etterpå angra eg dette fælt; ja eg træga so på at eg hadde gjeve langeleiken frå meg, at eg kan ikkje segja det. Det var som den gamle tidi drog or huset med han; eg fekk aldri låt i diki mine seinare. Det vesle diktet som heiter "Langeleiken" i Glør i oska er soleis bygt på røynleg oppleving. Endå angrar eg på leiken. Og ikkje fær eg han att, heller.

Olav H. Hauge, Dagbok 1924–1994, Band I, Det Norske Samlaget, 2000, s. 411-412

[Hauge kjem attende til tapet av langeleiken også seinare i dagboka.]

Då måtte eg sjølvsgått leita opp boka til Opedal, og fann ho på eit antikvariat i Bergen. Det følgjande er avskrift frå boka:

Spel.

Langelek.

Har du høyrt dei fine, kløkke tonane til langeleiken? Har du merka kor dei kallar på lengslone dine og gjev dæme til draumane dine? Eg har merka det, eg.

No har dei longo lagt han på hylla, denne gamle, vyrdelege tonereiskapen som var med og heldt oppe dei heimafødde folketonane våre i så mange hundre år. Ja, dei holvde han av før her i Hardanger enn i mange andre bygder. Kan henda han laut vika for hardingfela.

Men ein gong spela dei på langelek i Hardanger òg.

Ho Guri Sekse (1762–1824) var mellom dei som klunka på dette spelføret. Ho voks opp på Skogasel i Strandebarm, ho Guri. Foreldri flytta til Sandstò i Ullensvang sidan, og ho Guri kom til jord og mann på Sekse, grannagarden. Det var helst i gjentdagane ho dona med langeleiken, og det er truleg at ho hadde lært å spela i Strandebarm. Dei sa om henne at ho kom med langelek til gards på Sekse, men det vart heller lite spela etter ho kom dit, fekk vel anna å gjera. Men av og til tok ho leiken fram, og alle lika spelet hennar åvel. Dei siste åra ho levde, fekk leiken helst liggja i ro for henne. Men han Jo, sonen, han spela både på langelek og fele. Ho Guri sat då og skjekte på hovudet og lydde. «Hoyr notanne! Hoyr notanne!» sa ho, «å detta ha han tekje tao seg sjøl'ù!

Dar æ skadle pao Jo'en!» Han Jo ervde leiken etter mor si. Han totte så mon i denne eignaluten, og gøynde han i kista si så lenge han levde. Sidan brukta borni hans leiken til å gøyma ljós i (U[llensvang].).

Ho Ingebjørg Øyarhamn (1766–1858) spela på langeleik. Ho vart gift med han Samson Tuftò i Jondal. I bygdamuseet på Drage er det ei langeleikkasse med namnet hennar på (J[ondal].). Ho Guro Bjotveit (1773–1851) åtte langeleik. Ho stod med eit bord og spela både dansar og songar. Og vent spela ho òg, fortalte ho mor. Sidan gjekk det vendarvegen med leiken. Han Ingjald Bjotveit (1819–) skar han i to og nytta lutene til å gøyma ljós i (K[insarvik].).

Ho Ingebjørg Kaland (1774–1856) leika på bordspel, ho òg. Far hennar var tå Djønno og mori tå Kråkeskòr på Hereid. Dei budde ei rid på Busnes. Sidan rudde dei eit plass dei nemnde Kallhagen, på Kaland. Ho Ingebjørg var ugift. Han far fortalte om denne gjenta: Rundt om 1820 ekserte eg på Bråvoll i Kinsarvik. Med helgane kom det ei midaldrat gjenta tå Kaland og spela på langeleik åt oss. Ho fekk to skilling tå alle soldatar som dansa. Eg snudde nokre dansar etter spelet hennar, eg òg (K[insarvik].).

Ho Sella Slåtto spela på langeleik. Ho var fødd på Tuftò om lag 1790 eller nokre år før, og vart gift med han Ivar Berge. Dei fekk seg plass på Slåtto, og der kom dei til å bu. Born fekk dei ikkje. Ho Sella åtte eit sers godt lag med leiken, og om sundagskveldo sanka ungdomen seg i den vesle stova hennar og sat og lydde.

Hauge-folki i rendi meinte det var synd, dette. Ho måtte ikkje halda ungdomen fast i dei lastene som dette spelet drog etter seg, sa dei. Men ho Sella hadde ei onnor meining, ho. «Eg ser ikje nùke vondt i detta spel'e,» sa ho, «å ikje gjere da vondt held'e. Eg ser mæ meg sjøl: da jaga held'e burt dai syndigje tankanne so ve ha husròm isjå òss.» Smette dei seg då til å gøyma hornspiten hennar. Ho brukta han når ho klunka, den. Men ho Sella var rådadryg: ho gjekk at floren og skar ein ny spit tå det eine hornet på bjølleku si. Ho Sella slokna først på 1850-talet. Ho Anna Tyrvik, systerdotter hennar, fekk langeleiken etter henne, og han Torkjel, sonen, ervde han etter mor si [fotnote 1) No på bygdamuseet i Tyrvikbygdi. Det var ymse andre i bygdi òg som hadde langeleik då. (L. J. Berge)] J[ondal].).

Ho Ådne-Marta (o.1790–1873) spela òg på langeleik. Ho nytta jamt eit bein som ho trædde inn på fingren. Av og til spela ho til dans for ungdomen. Det var ingen som tok opp spelet etter henne. Og med langeleiken gjekk det ikkje betre enn at ungane laga han om til båt J[ondal].).

Ho Herborg Nes (1796–1850) åtte langeleik. Ho vart gift til Mundheim og fekk fem søner. Ho sat ofte og klunka på leiken sin åt borni med dei var små, fortalte ho Borgny Slåttehagen (V[araldsøy]).

Ho Kristi Åkre (1797–) åtte slikt liv for spel og song, og i gjentedagane spela ho på langeleik. Ho vart gift til Ænes, med han Knut, og tok visst leiken med seg dit. Ho åtte ei syster som lydde namnet Borgny. Ho var litevett yngre, ho (1803–). Ho vart fyrst gift til Tuftò, og der kom ho til å bu. Ho Borgny var òg så hag med langeleiken (V[araldsøy]).

Like eins ho Anna Kaland (1811–). Så fortalte i minsto mor. Ho Anna gifte seg i 1830 og drog sidan til Amerika (K[insarvik].).

Hallsteins-folket i Opedal hadde ein langeleik. Ho Ragna (1836–) fekk leiken etter mor si. Ho Ragna vart gift med han Lars Strond frå Odda. På auksjonen etter dei kjøpte ein mann langeleiken i lag med ymst jarnekrap for ti øre (U[llensvang].).

Ho Marta Eide (1854–) hørde langeleikspel då ho var liti: Ei gamal kone frå Orra var så glup med dette spelet. Ho ropa det ikkje for langeleikspel, men for bordspel, ho, for leiken sto jamt på eit bord med ho spela. Til å klunka med bruka ho ei fjør. Dei rødde om å klunka mæ fjør, dei gamle. Dei har vel nytta stylken då ei hønsafjør eller ei onno stor fjør, veit eg. Det beid visst andre i bygdi enn den gamle kona som spela på langeleik (fort. i V[araldsøy]).

Heimelsmennene mine i dei andre herad i Hardanger hørde aldri gjete langeleiken i bygdene sine, anna ein forteljar i Ulvik, som vart vis med ein sundbroten leik på ein gard ein gong. Dette tyder ikkje at leiken i desse bygdene ikkje var i bruk. Det tilfanget som eg her har lagt fram, gjev oss høve til å fylgja langeleiken bortimot to hundre år attende, og lenger kan ein ikkje venta at mannaminnet rekk. Det vil då ikkje seia at leiken var ukjend i Hardanger før den tidi. Heller lyt ein tru at han var meir ålgjengd då enn han vart sidan. Den siste langeleikspelaren ein veit om i bygdene her, var ho Anna Kaland. Ho drog til Amerika ikring 1850, og dermed er langeleikspelet ute or soga i Hardanger.

Endeleg syner tilfanget oss at langeleiken i bygdene her var eit spelføre for kvinnfolk. Karane held seg kanskje meir til fela, dei. Og til slutt: dei brukte langeleiken både i husmannsstova og i jordamannsstova. Ein ser ikkje nokon skilnad såleis. Like vel skal ein merka seg at den siste langeleikspelaren me har visse om, var runnen av ei husmannsstove.

Halldor O. Opedal, Makter og menneske. Folkeminne ifrå Hardanger. VIII, Norsk Folkeminnelag, Oslo, 1954, Nr. 73

Nokre observasjonar:

At nokre nemner særskilt at dei sto ved eit bord og spela, kan tyda på at andre ikkje hadde langeleiken på bord. At langeleiken måtte liggja på eit bord kan tyda på at den var gjort av eit heilt stykke ved, og såleis var open i botnen, bordplata vart den sjette veggen i resonanskassa. Dette ser ein t.d. på somme finske kanteler.

Klunka med fjør: Lutt kan også vera spela med fjørplekter. Ein spelar ikkje med heile fjøra, ein skjer av ei 10-12 cm lengd av den tjukkaste delen av fjøra, som ein så splittar diagonalt på langs slik at ein får ein avrunda mjuk spiss på fjøra. Eg har smått prøva meg fram med dette, og ein får eit mjukt anslag på strengene. Finn nokre STORE fjør og prøv!

Kaunas, Litauen, here we come!

Tekst og foto: Oddrun Hegge og Marit Steinsrud



Det er tid for å skjerpe engelsken, det er slutten av mars, og Marit og Oddrun skal på tur til:

Baltic Psalter Symposium Kaunas, 2023.

28 foredrag om finsk kantele, latvisk koklu, litauisk kankles, estisk kannel, østerriksk Zither og norsk langelek er på programmet, fordelt på to dagar. Om det var intenst...?

Som deltakar på fleire Nordic Harp Meetings var Marit alt litt kjent i feltet. 26 foredragshaldarar med doktor- og professortitlar og to utitulerte langeleikdamer ville passe akkurat for brubygging.

Det vart mange refleksjonar undervegs, mykje grunna bakteppet. Folkekultur er produkt av tid og historie, og også stil og status er viktige faktorar. Norden, Baltikum, Nord-Europa. Kva identifiserer oss? Korleis kan langeleiken vera ein faktor for Nord-Europeanisk nettverksbygging?

Instrumenta og musikken er nokså ulike, teknisk sett. Men røtene går langt attende. Dei har alle trossa press frå trendkulturar. Prøvar på sine måtar heller å tilpasse seg parallelt med å leggje inn akademisk tyngde i forsking på røtene, både materielt og immaterielt. Alle driv opplæring, alle har fokus på det fysiske instrumentet, nokon


meir grensesprengande enn andre. Erfaring, haldningar og respekt for det unike var grunnleggjande og følbart fellesskap som ein glei fort inn i.



Kauno miesto muziejus, Kaunas bymuseum, tok imot oss opningskvelden. Eit veldekka vin- og fingermatbord møtte oss, men også ei musikk- og dansegruppe som fylte rommet med gjestfri velkomst. Dans og musikk er heldigvis eit forståeleg språk. Einaste ordet me kunne var a^ciû, atsjø som me sa, takk, takk for dansen. Vertskapet let oss nemleg ikkje sita mykje i ro, baud oss på dansegolvet og styrte oss stødig i litauiske rytmer.


Kvila var å gå til museet for å sjå på instrumentutstillinga. Så publikumsvenleg! Aktiviserande, pedagogisk, barnevernleg og informerande utstilling! Her var den eldste funne kantelen i området. Her var mangfald henta frå heile landet. Generøst opna dei døra til sjølvaste magasinet. Kan ein bli starstruck i møte med instrument i utstilling og magasin? Trur det. Ein får i alle fall knaggar til å henge komande 28 foredrag på..

Titlane på foredraga spente frå «trådar til det opprinnelige baltiske psalteriet», klassifisering/katalogisering, instrumentmakeriet, rekonstruksjon, immateriell kontekst (Unesco 2003), speltradisjon, kreativitet, opplæringsteknikk, popularitet, grenselina mellom kunst/folk/folklore/personleg uttrykksform, og oss trauste norske som fortel om alt som står mellom permane på boka



«Langeleiken», - som no også finst i bokhylla på Kaunas bymuseum.

Det var mange ord, mykje språk, tolketenesta var prima, og det gjorde seg med konsertar om kveldane der musikk nok ein gong sa meir enn ord. Størst inntrykk gav Assoc. Prof. Vytautas Alekskas. Høg tittel, stram univeristets-kar, forelesar om «Einheit i form og strukturelle og dekorative element til Sudovian Kankles og handverkas individualitet». Han var son til ein instrumentmakar. Konsertinnslaget hans var kankles og



song, ikkje altfor godt stemt, men så ribba for høge titlar. Lyrisk, uteatralsk, truverdig formidlar av sjølvopplevd historie.



Å sjå ein finne som held på å lette av sin eigen propell av «snerteslag», var ei forrykande oppleving.

Vår ven, kantelemakar Rauno Niemenen sin kopi av sibirsk kantele fekk folkemusikk-rockaren Dr. Timo Väänänen i improvisasjon med Hanna Ryynänen, nesten til å flyge.

Innslaga til oss andre var noko derimellom. Og me må slenge på for eigen del at interessa for å sjå på langeleiken var stor etter konserten.

Marit sitt foredrag heitte «Norwegian



Langeleik, the music». Oddrun sin tittel var «Norwegian Langeleik, the instruments.»

På 15 minutt kvar så rakk me å vekkje nysgjerrighet og fascinasjon.

Det før nemnde bakteppet, eller krigen «i bakgarden» og vår felles tvilsame nabo i aust, gjer det unekteleg viktig å dyrke ein felles Nord-Europeisk samklang.

Om noko skal seiast om tett program, mange foredrag, intense økter og full pakke, så var nærbilag og nærbilag av kvarandre sine instrument det me sakna tid til. Men du verda så mykje me lærde, så mykje trivelege folk me trefte og så familiært det er å drive med instrumentslektingar. Nettverket er der, det er berre å seta folk på trådane.

I november er det Nordisk instrumentseminar på Valdres Folkemuseum.

<https://www.hilme.no/nordisk-instrumentseminar/> Samklangen fortset, - finnane har alt meldt seg på, og kanskje har vår deltaking i Kaunas gjort avstanden kortare for Baltisk gjenvisitt? Når me nemner og takkar sponsorane våre,

Norsk Langeleikforum, Gjøvik spelmannslag og Music Norway,

så ser me på støtta som nyttig i den kulturelle utvekslinga, og er svært takksame!

Heile programmet for symposiet ligg her:

<https://sabinakorzunova.com/international-baltic-psaltery-symposium-identity>

Langeleikdag og -utstilling på Ringve Musikkemuseum

Tekst og foto: Sveinung Søyland Moen



Ringve Musikkemuseum arrangerte 15. april langeleikdag på museet i samarbeid med Norsk langeleikforum. Med bruk av forumet sine langeleikar vart det halde nybyrjarkurs, der Ingrid Lingaas Fossum var instruktør. Det var òg eit foredrag med Bjørn Aksdal om historia til langeleiken, ope både for kursdeltakarar og andre interesserte. Dagen vart avslutta med «After-leik» på Antikariatet i Trondheim, altså ein kveld med buskspel/jam der langeleiken vart sett i høgsetet.

I tillegg til dei nemnde aktivitetane, opna museet ei miniatyrutstilling med utvalde instrument frå eiga samling denne dagen. Ringve Musikkemuseum har

per juni 2023 totalt 19 langeleikar, inkludert 7 langtidsinnlån frå andre museum. Vinteren 2023 gjennomførte museet ein revisjon i denne samlinga, der informasjon om instrumenta i databasen til museet vart oppdatert og publisert på nettstaden digitaltmuseum.no. Deretter vart to av langeleikane og ei dansedokke plukka ut til ei miniatyrutstilling som står sommaren 2023. Eit mål med utstillinga var å presentera langeleiken på ein måte som kunne vera interessant både for dei som aldri har hørt om instrumentet, og dei som ønskjer å gå litt meir i djupna.



Det vart difor plukka ut to langeleikar som kunne representera litt ulike sider av historia til instrumentet, samstundes som dei har fleire lag for dei særskild interesserte. Langeleiken øvst i monteren, er ein langeleik funnen på Averøy i Møre og Romsdal. Langeleiken er datert til tidsrommet 1600–1750 og er truleg laga på Nordmøre. Det er i så fall den einaste kjende eldre langeleiken frå Møre og Romsdal. Leiken kom til Ringve i 2019 og dette er første gong denne er utstilt ved museet. Trass i at langeleiken er nokså ribba, og eigentleg berre har instrumentkroppen att, har han mange spor etter eit langt liv i musikkens teneste og er slik eit spanande forskingsobjekt. Den

andre langeleiken i utstillinga er laga av Henry Frydenberg på slutten av 1950-talet, og vart brukt av Ragna Brenno Frydenberg. Den har ei noko uvanleg tonerekke, i gåvebrevet frå Ragna kalla «naturtoneskala», og vart utforma i samarbeid med Eivind Groven. Langeleiken har elles moderne stemmeskruer av metall, men instrumentkroppen skal vera kopi av ein langelek etter «Berit på Pynte». Ragna gav leiken til Ringve i 1986.

I tillegg til desse instrumenta, har museet stilt ut ei dansedokke laga av Kjell Bitustøy, òg gitt til museet i 1986. Denne får representera dansedokkene si rolle i historia til langeleiken. Dette er òg illustrert med biletet av Ragna Brenno Frydenberg og Guri Tørrisdotter Moe med sine dansedokker, festa på kvar si side av monteren. Kjell Bitustøy brukte dokka til Guri Moe som modell for den han laga. På desse biletet er det òg QR-kodar som leier til ein artikkel med meir informasjon. I artikkelen kan ein dukka djupare ned i historia til dei tre utstilte gjenstandane, i tillegg til å sjå ein video med Stein Villa som spelar på langelek med dansedokker. Artikkelen ligg på Digitalt Museum:


<https://digitaltmuseum.no/0211813352674/langeleiken-miniutstilling-pa-ringve-sommaren-2023>

Miniutstillinga om langeleiken vert ståande fram til september 2023. Det kan elles nemnast at fleire langeleikar og dansedokker er utstilte i dei faste utstillingane «Lydspor» og «Hovedbygningen» på Ringve. Instrumenta er her sett inn i litt ulike samanhengar, for slik å få fram fleire perspektiv på historia til langeleiken.



Ny logo

Jeg satt i styret i NLF noen år omkring 2018. Lisbeth David-Andersen var leder og hun hadde med et fint handlenett som promoterte programmet "Spillerom" i NRK P2. Vi bestemte oss for å lage et handlenett i regi av foreningen, og jeg fikk i oppdrag å designe det. Det skulle være i bomull med enkelt design med få farger.



Jeg begynte å tegne omkring lydhull og strenger på leiken. Måtte arbeide med å forenkle uttrykket slik at det ble godt leselig i bruk. Jeg så et bilde av den originale Aurlandsleiken i Snerten fra 2016 og ble inspirert til å arbeide videre med det som utgangspunkt.

De røde hjertene er satt inn som blikkfang og som symboler. Fargen på teksten skal vise til trematerialet i leiken.

Dette var i 2018 og vi trykket opp en del handlenett. Etter hvert begynte logoen å leve sitt eget liv og snike seg inn både her og der i regi av NLF, og i 2022 bestemte styret å bruke den som ny logo i Norsk Langeleikforum.

Guri Svindal

Party like it's 1923!

Tekst og foto: Eivind Lorentzen

Bygdelagssamskipnaden (BLS) fyller 100 år i 2023. Jubileet feires med en rekke tilstelninger gjennom hele året. Den 4. juni 2023 fylte BLS Folkemuseet på Bygdøy med bunader, folkedans, folkemusikk og folkesang under det tradisjonsrike



Bygdøsystemne. En langeleik-kvartett fra Valdreslaget spilte to konserter i løpet av dagen på Østerdalstunet. Publikum var en spennende blanding av erfarte dansere og interesserte utenlandske turister som aldri hadde hørt instrumentet før.



Musikkhelga på Gjøvik 19.-21. mai 2023

Tekst og foto: Inger Ellen Kolbjørnsen

Norsk langleikforum var medarrangør på Musikkhelga på Gjøvik, sammen med Gjøvik Spelmannslag, som var hovedarrangør.

Langeleikspillerne var delt inn i «Begynnere» og «Fordypning». Det var 4 på nybegynnerkurset, og instruktør var Kari Steinsrud.

På fordypningskurset var det 9 deltagere, instruktører var mor og datter Bjørg Berge og Turid Berge Endrerud. Tema for kurset var fordypning i tradisjonen etter Barbro Myhre fra Valdres. I tillegg til å øve inn låter fikk deltagene innføring i Barbro Myhres liv og virke. I langeleikspilltradisjon er det essensielt å kjenne historie og kontekst til låttene vi lærer, og dette fikk vi på fordypningskurset.

Både fredag og lørdag kveld var det samling i Gjøvik Spelmannslags hus på Hunn. Flere langeleikspillere deltok i uformelt spill og på en litt mer formell konseretrekk lørdagen. Vi fikk mulighet til å spille sammen med deltagere på andre instrumenter og erfarte at munnharpe og langeleik låter bra sammen!

Som tidligere var det utveksling av musikk, erfaringer og spilleglede gjennom helgen. Langeleikgruppa fikk utfolde seg i samspill. Det var en god erfaring å samle langeleikspillere fra flere steder i landet. Norsk langeleikforums «nye» utlånsleiker ble



tatt i bruk på kurset. Det var også mulig å se og prøve nye langeleikere som Oddrun Hegge har laget.

Ivrige kursdeltakarar vil ha med seg alt!

Andrea Søgnens konsert på Riksscenen.


Tekst og foto: Inger Ellen Kolbjørnsen

Andrea Søgnen, som studerer til bachelorgrad på langeleik ved Campus Rauland, Universitetet i Sørøst-Norge, fikk ha sin egen konsert på Riksscenen lørdag 18. mars. Det var en meget flott konsert hun ga.

Andrea spiller rikt og vakkert, og det syntes publikum også, de ga henne full jubel. Hun måtte inn igjen på scenen og gi ekstranummer, sammen med Anders Røine, som er læreren hennes på studiet. Her var det nyskaping og tradisjon om hverandre.

Så flott for langeleikmiljøet at vi har henne og andre unge som trakterer instrumentet vårt så glimrende. Vi gleder oss til å følge både deg og de andre som studerer langeleik, Andrea! Takk for nydelig konsert!



**Styret i NLF 2023:****Leiar:**

Inger Ellen Kolbjørnsen

Styremedlemmer:

Magnhild Karsrud

Håvard Bergheim

Karine Kjellberg Granli

Lise Karin Meling

Varamedlemmer:

Eivind Lorentzen

Andrea Søgnen

Sveinung Søyland Moen

Heimeside: www.langeleikforum.no

facebook: [Norsk langeleikforum](#)

e-post: langeleikforum@gmail.com

Medlemspengar 2023: 200 kr

Kontonr. 1503.14.71807

Vipps: 136475

Snerten er takksam for bidrag frå medlemene. Frist for stoff til neste nummer er 1.desember. Send det til gu-he@online.no.